

Årsmelding LUPE Møre og Romsdal 2023.

LUPE Møre og Romsdal hadde i 2023 85 medlemmar. Verdt å merke seg er at 63 av desse medlemmane er knytt til Vanylven. Hovudarbeidet til fylkeslaget har difor vore mest i dette området.

Styret i LUPE Møre og Romsdal har i 2023 hatt slik samansetnad:

Leiar:	Jan Svein Hammer	På val i 2025
Sekretær/nestleiar:	Otto Drage	På val i 2024
Kasserar:	Brynjar Hatlegjerde	På val i 2025
Styremedlem:	Wigdis Hellstrøm	På val i 2024
Styremedlem:	Per Brekke	På val i 2025

Valnemnd i eit år:

Anne Hammer og Kristin O. Aarsnes. På val i 2024

Revisor:

Revisor har vore Hallvard Takset, vald for eitt år.

Møteverksemd:

Årsmøte: Årsmøtet var 04 mars på Vanylven aktivitetssenter på Fiskå.
Styremøte: Styret har hatt fem styremøte
Administrasjonsmøte: To administrasjonsmøter som var 5 september og 11 oktober.

Samarbeid:

LUPE Møre og Romsdal og LUPE Vanylven samarbeidde med regissør om visning av OLA-Filmen, en helt vanleg uvanleg fyr. LUPE Møre og Romsdal og LUPE Vanylven samarbeidde også med «Unge Kokker» om prosjektet «Covid 19 - Helkost»

Likepersonsarbeid:

Det har vore 9 aktive likepersonar som har utført eit omfattande likepersonsarbeid.

I 2023 utførte likepersonane fleire hundre individuelle samtalar.

I 2023 vart det gjennomført tre likepersonskurs:

- Kosthald med tema «Smart og sunn kosemat». Kosthald med tema «Motivasjon og veiledning, positiv oppmuntring (vaneendring/mestringstro)».
- Grunnleggande om likepersonsarbeid.
- Skjemautfylling og krav frå BUFdir.

I 2023 vart det gjennomført 37 samtalegrupper for likepersonar med blant anna fylgjande tema:

- Samhold. «Bli kjent». Personlege eigenskapar. Utvikling av relasjonar. Tillit.
- Opplæring i likepersonsarbeidet. Utfylling av skjema. Planlegging av likepersonsarbeidet. Samlingar.

- Repetisjon omkring definisjonar likeperson. Repetisjon krav til likepersonsarbeidet. Repetisjon omkring dokumentasjon av likepersonsarbeidet.
- Reiseførebuing gruppe med utviklingshemma. Planlegging og erfaring. Moglegheiter og begrensingar.
- Reiseerfaring gruppe med utviklingshemma. Oppfølging. Farar. Moglegheiter. Trening. Deling av erfaringar.
- Reiseerfaring gruppe med utviklingshemma. Dele rom. Aleinetid. Sikkerheitskontroll. Pakking av bagasje. Forseinkingar på reisa. Tidsforskyving av måltid. Redd for å ete blant andre.
- Mening i arbeid/aktivitet for utviklingshemma. Kva når ein går trøtt? Nytteaktivitet. Korleis få kontakt med andre?
- Arbeid/aktivitet for utviklingshemma . Samarbeid fram til ein konklusjon. Prosess - individuell tilpassing. Individuell tilpassing versus likebehandling på arbeidsplass.
- Tankar og indre samtale. Utviklingshemma med assosiasjonsforstyrrelsar.
- Søskenproblematikk. Familiehistorie. Mobbing og psykiske problemstillingar, forsvinning. Langvarig slitasje mellom søsken i oppveksten. Kva gjer at engasjementet frå søskena er så ulikt/motstridande. Kva med å vere for sterkt knytt til den utviklingshemma?
- Støttekontakt. Kva gir gode forhold mellom utviklingshemma og støttekontakt? Korleis få tak i folk? Lønn. Stabilitet i støttekontakt.
- Endring i bufellesskap og kommunal teneste. Ansvarsgruppemøter. Klage fylkesmann.
- Sjølvbestemmelse for den utviklingshemma. Eigne meiningar. Forhandlingar. Tvang.
- Evaluering av samling for likepersonar. Relasjonsbygging. Erfaringsutveksling. Kunnskapsdeling og oppbygging.
- Når blir ein utviklingshemming oppdaga. Ulike symptom. Skeiv/manglande utvikling.
- Glede og sorg. Følelseskarusellen ifrå sorg knytt til funksjonsnedsetting til gleda ein opplever i relasjonen til den utviklingshemma.
- ADL ferdigheiter. Tips, råd og vegleieing
- Oppvekst, mobbing og sårbarheit. Lærevanskar på skulen. Kjæresterelasjonar.
- Søskenproblematikk. Vald i familien. Betalar den «friske» søskena prisen for problem. Samtaler i familien ved vald. Avlasting i familien.
- Kosthald og overvekt når den utviklingshemma flyttar frå heim til bufellesskap/vernet bustad.
- Erfaringsutveksling rundt organisering av støttekontakt og fritidskontakt.
- Verjemål
- Råd kring ferie for funksjonshemma. Søknad/melding til bustad. Utgiftsdekning.
- Erfarings- og ansvarsdeling knytt til fridagar.

FUNKIS-kurs:

LUPE Møre og Romsdal har i 2023 heldt to kurs for med fylgjande tema:

- Likemannskurs – 4 dagars kurs med tema «oppfylging av likepersonar»
- Kulturhistorisk reise i Polen – 6 dagars kurs

Representasjon og deltaking:

LUPE Møre og Romsdal deltok ved Monsiaden 07 juni på Eidsåttun

LUPE Møre og Romsdal deltok ved Jubileumsfeiring for Merkesteinane i Volda 11 november.

LUPE Møre og Romsdal deltok på Funkis sin studieleiarsamling på Vestnes 28-29 april

Tildelt støtte for 2023:

- Tilskot på 35 000,- frå Helse Midt til drift og likepersonsarbeid
- Medlemsmidlar/driftsmidlar frå LUPE Sentralt på kr 8 600,-.
- Tilskot på kr 36 000,- frå LUPE Sentralt til likepersonsarbeid.
- Tilskot på kr 12 370,- frå FUNKIS for dei to kursa som vart heldt.

Tilskota krev omfattande søknadar og detaljert rapportering.

Jan Svein Hammer

Leiar LUPE Møre og Romsdal

Jan Svein Hammer

07.03.2024

Bryggj'a